

## Referat frå styremøte 20.04.21

**Til stades:** Tone Østtveit Kvinen, Eva Marianne Tennfjord, Anita Haugen og Åse-Berit Fidjeland

**Meldt forfall:** Helga Hadland og Siri Fidjeland

**Sak 12/21: Revisjon av velkomstbrev**

Det blei diskusjon om kor mykje som skulle vera med i skrevet, for nå er det informasjon om kva som skjer i Øvre Sirdal, og nokon sakna det same for Tonstad. Spørsmålet er kor mykje som skal med og kor mange sider det skal vera. Det er mange lag og organisasjonar som ikkje er tatt med i skrevet, og me finn heller ikkje noko oversyn over dette på t.d. heimesida til Sirdal kommune, så då er det kanskje bygdekvinnelaget sitt ansvar.

Velkomstbrevet kan innehalda velkomen-helsing, og oversyn over styremedlemmane med telefonnummer, slik at dei kan kontaktast for å få vita meir. Vil ein vita kva ein skal spørja om og kven ein bør kontakta? Poenget i starten var eit kort oversyn til å ha på kjøleskapet, og ikkje uttømande for heile kommunen, sidan SBK berre har kapasitet til å ønska nye innbuarar i Øvre Sirdal velkomen. Me har utfordra Bondelaget til å gjera det same på Tonstad.

**Sak 13/21: Evaluering av jordeplekakebaking**

Åtte kursdeltakarar møtte opp i Bakkehuset, der det var god plass til baking og steiking. Smittevernreglane vart overhaldne med m.a. to ulike stader til steiking; glutenfritt og "vanleg". Etterpå vart det nysteikte jordeplekaker, kaffi og drøs.

**Sak 14/21: Årsplan**

**a) Bilking**

Går ut, og me har ikkje lerret om me vil ta det opp att eit anna år.

**b) Temamøte bygdeutvikling**

Tone har snakka med Roar Werner Vangsnes som meiner eit lite lag treng forankring i kommunen for å få til eit slikt arrangement. Ho har snakka med og sendt e-post til John Birkeland om prosjektet og samarbeid med Sirdal kommune, sjå vedlegg.

**c) Temamøte Norspinn og ølsmaking**

Temamøtet er flytta til 4. juni pga. Covid-19-situasjonen.

**d) Blometur m/plukking av matnyttige planter**

Dette deler me i to, for dei ville vekstene er her nå, medan me ikkje kan planta ut blomar før i mai/juni.

**a) Urtetur/plukking av ville vekster 09.04.21 v/Eva**

Nå er det tid for å plukka ramsløk, skvallerkål, geiterams og kanskje brennesle i Stavangerområdet. Avgang frå GP kl. 08.00, og etter at me har plukka, reiser me attende til Kvæven og Eva for å laga ulike rettar av "fangsten".

**b) Blometur med ein matbit 20.05.21 v/Åse-Berit**

Hove plantesalg på Sandnes og Hølland gård gartneri på Sirevåg sel både sommarblomar og stauder, ev. Drømmehagen på Byremo.

**f) Ystepikene - sommaravslutning 11. juni kl. 18.00**

Siri Rasmussen Lea kan ta imot oss ute og fortelja om prosjektet frå idé til ysteri, og me kan besøkje butikken, begge deler etter gjeldande smittevernreglar. Etterpå kan me få servering (tapas) på Jærgarden.

**Sak 15/21: Årsmøte 20. mars 2021**

Åse-Berit og Eva var med på skjerm, og det var betre gjennomført i år enn i fjor. Begge to lurte på kor leiaren ville hen med ein svært personleg og privat tale, men ho ende opp med kva bygdekvinnelag og samarbeid betyr i ei bygd. Alle val føregjekk via SMS, og var ein god måte å gjera det på, og Solveig Marie vart vald inn i styret. Elles vart den største saka at ikkje alle fem sonene var representerte i styret.

Me var for seint ute med sak om kontingent og ein del til lokallaga, så det får me ev. koma attende til ved neste korsveg, truleg neste årsmøte i NBK.

**Sak 16/21: Kvinner ut - symjekurs**

Det er ei dame som er interessert i symjekurs, og det kan me klara tysdag eller torsdag i ordinær opningstid kl. 19.30. Det er fleire som er interesserte i å møtast og snakka norsk, men det må skje om ettermiddagen ein vekedag, og når det blir lettare å møtast. Me satsar på at hausten blir betre.

**Sak 17/21: Heimesommar 2021**

**a) Bli kjend i bygda-turar v/Tone**

Turane bør inn i heimesommar-programmet til Sirdal kommune, og gruppa satsar på måndagar i år òg. Dei startar 31. mai med første del, og 9. august blir første tur etter sommarferien.

**b) Aktivitet på bygdetunet v/Åse-Berit**

Åse-Berit har fått tips om å ha aktivitet på bygdetunet, og har sjekka ut med Ingvild Fagerheim Skadberg om det er interessant. Ho er positiv til aktivitet på Jørenhuset, gjerne med historieforteljing e.l., og etter noko diskusjon, tek me kontakt med historielaget og husflidslaget for å høyra om dei vil vera med på noko. SBK kan steika lappar og koka kaffi i eit slikt samarbeid, ev. ha ein temalaurdag med t.d. tradisjonsmat som jordeplekaker og sofiekaker.

**Sak 18/21: Nye innbuarar**

Me er usikre på om kven som bør bli ønska velkomne og ikkje, for me har ikkje heilt informasjon om sesongarbeidarar, men nokre av dei blir jo verande... David har kjøpt husvære på Myraleidet, og Jo leiger der. Så har me Cherry og Rett... Ikkje har me tenkt på Pieter (Runtleneset) eller Stine (Neset) heller.

<b>Ikkje besøkt:</b>	Aksel Philip i Kvevå	Åse-Berit
<b>Nye innbuarar:</b>	Erling Magne Torgersen	Eva
	Marit Therese og Lars Ingve Sinnes	Åse-Berit

**Sak 19/21: Anna**

Alle medlemmar har nå fått kjøleskapsinformasjonen. Tone ynskjer ei sentral og ei lokal side der ein kan setja inn eigne bilete. Åse-Berit kan formidla ynsket vidare, men NBK har laga ei PDF-fil der det berre er noko av teksten ein kan setja inn sjølv. I år har ho fått hjelp på Tonstad til å endra årstal o.l. i PDF-fila.

**Nytt møte:** Tysdag 15. juni kl. 19.00 på Sinnes skule